# Menighetsbladet

BORE ORRE KLEPP FRØYLAND OG ORSTAD



Nr. 3 • Sommernummer • 2009 • 42. årgang

Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Ingrid Lotsberg Norås

Framsidefoto: Einar Egeland

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Olsson as

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut i slutten av måneden.

**STOFF MÅ LEVERAST INNAN 01/08**

Surf innom
www.klepp.kirken.no
eller
www.klepp.kyrkja.no

Der vil du finne mykje nyttig informasjon.
Velkomen!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Kleppvarden 2, 4352 Kleppe |
| Postadresse: | Postboks 101, 4358 Kleppe |
| Telefon: | 51 78 95 55 |
| Telefaks: | 51 78 95 50 |
| e-post: | kontor@klepp-kirken.no |

e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

| | |
|---|---|
| Måndag, tysdag og torsdag: | 08.30 - 14.30 |
| Onsdag: | 08.30 - 12.30 og 17.00 - 18.30 (etter avtale) |
| Fredag: | 08.30 - 12.30 |

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:
Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 51 42 65 21
Telefaks: 51 42 65 26
Heimeside: www.minkirke.no/fok

Kontortider:
Tysdag og torsdag: 09.00-12.00

| | | |
|---|---|---|
| Bore kyrkje | 51 42 22 52 | |
| Soknerådet, Nikolai Homme | 51 42 00 77 | 900 53 744 |
| Frøyland og Orstad kyrkjelyd | | |
| Soknerådet, Sigve Klakegg | 51 48 75 83 | 900 21 677 |
| Klepp kyrkje | 51 42 16 39 | |
| Soknerådet, Svein Olav Nesse | 51 42 34 86 | 920 22 874 |
| Orre kyrkje | 51 42 23 46 | |
| Soknerådet, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 | 900 19 534 |

TELEFONLISTE ANSATTE:

| **Namn** | **Direktenummer** | **Privat** |
|---|---|---|
| Kyrkjeverge, Per Gaute Liland | 51 78 95 60 | 412 66 042 |
| Sekretær, Åsa Sande, | 51 78 95 55 | 51 42 37 26 |
| Sekretær, Anne Marie R. Østevik | 51 78 95 59 | 902 00 503 |
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 78 95 51 | 51 42 38 41 |
| Sokneprest, Åsmund Steinnes | 51 78 95 52 | 402 01 978 |
| Sokneprest, Arnt Askildsen | 51 42 65 21 | 489 97 116 |
| Prest, Jarle Minnesjord | 51 78 95 54 | 970 66 145 |
| Prest, Frode Helvig | | 986 03 405 |
| Kantor, Bodil Fagerheim (vikar) | 51 78 95 58 | 930 33 924 |
| Organist, Ove Byberg | 51 78 95 58 | 926 67 300 |
| Organist, Arne Hadland, | | 51 48 83 77 |
| Musikalsk leiar, Hilde Svela (permisjon) | | 482 45 034 |
| Diakon Kjellaug Marie Steinskog | 51 78 95 56 | 917 08 036 |
| Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes | 51 78 95 53 | 450 48 726 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 51 78 95 57 | 478 70 004 |
| Ungdomsarbeidar, Mari Helen Hetland (permisjon) | | 412 02 272 |
| Ungdomsarbeidar, John Lende | 51 42 65 21 | 917 14 048 |
| Ungdomsarbeidar, Daniel Lyngstad | | 977 24 948 |
| Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning | 51 78 95 57 | 900 35 471 |
| Kyrkjetenar Bore, Johannes Byberg jr. | | 464 16 040 |
| Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland | | 51 42 89 03 |
| Kyrkjetenar, Sveinung Overøye | | 406 05 750 |
| Klokkar Bore, Terje Idsø | | 51 42 18 09 |
| Klokkar Orre, Bjørn Borgen | | 51 42 86 94 |
| Klokkar Orre, Knut Terje Noraberg | 51 11 18 38 | 928 38 378 |
| Dagleg leiar Frøyland og Orstad, Åsa Thorstvedt (vikar) | 51 42 65 21 | 915 70 690 |

# **STIFTINGA** Klepp nye kyrkje

Tekst: Ingrid Lotsberg Norås

**I Klepp sokn er det lagt planar om å bygge ny kyrkje. Det er oppretta ein stifting, «Klepp nye kyrkje» der Leif Solberg er leiar av styringsgruppa. I samtale med Leif seier han at han ser på arbeidet med å få ny kyrkje som utfordrande, men at han gler seg til å jobbe med det. Han har i gruppa fått med seg eit godt team, og skal, gjennom ulike undergrupper og komitear, få mange til å vera med, slik at heile bygda kan dra lasset saman.**

Då Klepp kyrkje vart bygd i 1846, vart det satsa stort, og bygda opplevde å ha fått ei stor og romsleg kyrkje. Folketalet i soknet var då 963. Sidan då har det vore ei rivande utvikling her i Klepp. I dag er det rundt 8500 personar som høyrer til i soknet, og vi opplever ofte at kyrkja ikkje er stor nok. Både ved ein del gudstenester, høgtidsdagar som jul, konfirmasjonar og ved store gravferder kunne vi ønskje at kyrkja var mykje større.

Kyrkjebygget har ikkje følgd med i utviklinga, og er i dag nesten berre eigna til tradisjonelle gudstenester. For å ha ein levande kyrkjelyd er det viktig å ha tilbod til mange ulike grupper, både barn, unge, unge vaksne og eldre. Slik kyrkja er i dag, vert det avgrensa kva aktivitetar vi kan ha i kyrkja. Dessutan vil den nye kyrkja verta eit godt rom for ulike kulturelle aktivitetar.

Soknerådet, fellesrådet og styringsgruppa inviterte ordførar, rådmann og gruppeleiarane i dei ulike partia til eit orienteringsmøte vedrørande tankar og planar rundt den nye kyrkja. Det er alt skrive ein intensjonsavtale for ei tomt sør for Hauabakka, men det vart og drøfta andre aktuelle plasseringar.

Reguleringsplanarbeidet er i gang i kommunen, og det er god dialog med politikarane om å få ein viktig og flott plassering av den nye kyrkja. Det er semje om at vi treng eit meir tenleg bygg, og at vi då kan drive ei breiare arbeidsform. Vi har sterke ønskjer om å få ny kyrkje innan 10 år! Dette vil medføre store utgifter for kommunen, så det er viktig for kyrkjelyden å få kome godt i gang med økonomiplanlegging og tiltak med ein gong.

Ny kyrkje vil verta eit stort løft både for bygda og for kyrkjelyden, og Leif ønskjer eit breitt engasjement. Han reknar med at alle i bygda vil merke at vi er i gang, både når det gjeld økonomi – men og praktisk. Han håpar at folk ser dette som ei utfordring, og ser seg villege til å ta i eit tak for ny kyrkje på Klepp.



*Frå venstre: Livar Salte, Leif Solberg (leiar), Anna Lima Braut (vararepr.) Liv Velde Hoftun, Maria Skrettingland Håland (økonomiansvarleg). Ikkje til stades: Arne Madland og Svein Olav Nesse (vararepr). Foto Einar Egeland*

# Orre gamle kyrkje

Tekst: Anne Håkonsholm, foto: Einar Egeland

Køyrer du Nordsjøvegen forbi Orre, kan du sjå den gamle kyrkja stå innepakka av stillas og grøn netting. Soknerådsleiar i Orre, Bjørn Borgen, fortel at kyrkja går gjennom ei omfattande restaurering. Riksantikvar, arkeologisk museum og arkitekt er er involvert samt mange ekspertar frå ulike fagfelt. Dei som jobbar med kyrkja har erfaring frå anna historisk arbeid som Utstein kloster og St. Petrikirka. Orre gamle kyrkje vart stengd i mai 2008 og ein reknar med at arbeidet kan ta to til tre år. Bjørn Borgen understrekar at vi må sjå etterkvart og ta den tida vi treng etter som det kan lett kome overraskingar undervegs når ein jobbar med gammalt materiale.

Det er fjerna pusslag både innvendig og utvendig. Ekspertar har uttrykt at dei er imponert over det flotte fagarbeidet som har vorte avdekka i dei vel sjuhundreogfemti år gamle murane. Veggene er ein metere tjukke. Tidlegare har det vorte brukt maling som har forårsaka fuktskade. Den grøne nettingen rundt kyrkja, skal hjelpe å halde regnet vekke frå murane i den omfattande tørkeprosessen som må til før ein kan bygge opp igjen murane og male på ny. Inne i kyrkja er det plassert luftavfuktarar som vert tømde ved behov. Tida vil vise kor lang tid det tek, kanskje må det stå slik heilt fram mot neste sommar. På taket vert det lagt Sandnespanner henta frå andre bygningar i distriktet. Steingarden rundt kyrkja skal òg gå gjennom ei restaurering. Berre det er eit omfattande og spennande prosjekt der arkeologisk museum er involvert. Kanskje kan ein gjere interessante funn her, kven veit?

Inne er benkene demontert og dei skal malast hjå ein malarmeister i Stavanger. Spesialistar ved arkeologisk museum har funne tilbake til fargar som benkene har hatt for i tidlegare tider. Antikvarisk belysning er innkjøpt og det skal monterast brannslokkingsanlegg. Det vert diskutert om noko skal gjerast med altertavla og anna interiør, men pr i dag er det ikkje bestemt. Alt må vurderast nøye og godkjennast av ansvarleg arkitekt for arbeidet. Arbeidet må gjerast grundig og det må vere rett type materialar, seier Bjørn Borgen Han gler seg over arbeidet som er i gong; **-** *Det handlar om å ivareta og vidareføre gammal historie!*

***Guds ord fann veg til bygda vår,***
***eit ljos som fagert skein!***
***I tidleg tid, i ukjent år***
***vart kyrkje bygd av stein.***
***Folk vart med ordet kjende,***
***dei som til Krist seg vende,***
***opplevde frelsa rik og rein.***

***Bjarne Rabben, 2003***





# Wergeland-kveld

## - i Klepp Kyrkje 29. mars

I fjor var det Wergeland-jubileum i samband med at det var 200 år sidan han vart fødd. Vi meiner det er god grunn til å markere dette utover jubileumsåret, og markerte dette med presentasjon både i ord og tonar. Det var mange forventningsfulle som møtte fram i Klepp kyrkje denne søndagskvelden for å få vite litt meir om han. Kven var Wergeland? Både Inge Særheim og Hein Steinskog teikna flotte bilete av den mangfoldige Henrik Wergeland. Han er først og fremst forfattar, og vert sett på som ein av Noreg sine største lyrikarar, men han var og så mykje meir.

Han hadde ein utruleg stor produksjon, på tross av at han døydde berre 37 år gamal. Han var internasjonal og visjonær, var folkeopplysar og oppteken av småkårsfolk, føregangsmann for å få folkebibliotek og ville og gjera noko for dei fattige og svake i samfunnet. Han hadde ein skarp sosial profil, og skildra det som andre lukka augene for. Vår 17.maifeiring med barnetog er og Wergeland si forteneste, det var han som starta denne tradisjonen og han har mellom anna skrive ”Småbarnas Nasjonalsang”.

Han var teolog og søkte forgjeves fleire prestekall. Forfattarskapet omfatta mellom anna salmar, fedrelandssangar, sjømannssongar og barnesongar, og i løpet av kvelden var det god allsang med fleire av Wergeland sine tekstar. Kanskje var det første gongen vi song ”Nisser og dverger” i Klepp kyrkja. Åshild Fjelde las utvalde dikt av Wergeland, dikt som gjenspegla både alvor og skjemt. Ein del av dei sterkaste dikta vart skrivne på dødsleiet.

Samlinga i kyrkjerommet vart avrunda med eit musikalsk innslag. Tore Fagerheim spelte eit sjølvkomponert stykke på el gitar saman med Bodil Fagerheim på orgel. Kvelden vart avslutta med bokkafè i menighetssalen, der eit rikt utval av Wergeland sine bøker var presenterte. Det var mange fornøgde tilhøyrarar og god drøs i denne fine vårkvelden.

Tekst: Ingrid Lotsberg Norås, foto: Einar Egeland









# Taizè-kveld med sjømansskyrkja!

Tekst: Anne Håkonsholm, foto: Einar Egeland



***Taizè – kveld, eit samarbeid mellom Klepp sokneråd og Sjømannskirken*, står det annonsert i Menighetsbladet. I det vi opna døra til Klepp kyrkje siste torsdagen i april slo vaffellukta imot oss! Men inne i kyrkja var det ingen å sjå. Vaffellukt og tom kyrkje! Brått høyrde vi ein mann som ropa eit *hei* og *velkommen* framme ved altaret. - *Vi startar her inne,* sa han og vi vart med bak altaret og inn i menighetssalen til dei andre frammøtte. Primus motor for samlingane, Geir Myklebust, leiar oss gjennom ein kveld som gjer godt både for kropp og sjel. Han har på seg kvit skjorte som det står *sjømannskirken* på. For tida er han områdeleiar for Sjømannskyrkja sitt arbeid og busett i Klepp. Geir Myklebust er mannen som kan seie oss meir om den heller skjeldne blandinga for desse kveldane i Kleppkyrkja.**

***Kva betyr Taizè?***
- Det er namnet på ein liten landsby midt i Frankrike. Der har det vakse fram eit økumenisk fellesskap av vel hundre brør frå alle slags kyrkjesamfunn. Om sommaren kjem det ti-tusenvis av ungdomar og vaksne dit for ei, to eller fleire veker med retrett eller bibelcamp. Ein bur i telt og brakker, tek del i song og bøn tre gongar om dagen, bibeltimar og samtalegrupper. Dei fleste kjem frå Europa, men også frå andre verdsdelar. Motto for arbeidet er tillit og forsoning.

***Kva inneheld ein Taizé-kveld?***
- Vi samlast fyrst i menighetssalen til kaffi og vaflar. Der lærer vi nokre songar frå Taizé og samtalar om ei tekst eller eit brev som brørne har skrive. Til slutt samlar vi oss inne i kyrkja rundt altaret, med forsoningskrossen frå Taizé, lystenning, bibellesing, bøn, song og stillheit.

***Kva er målsettinga for Taizé-kvelden?***
- Eg vart spurd om å ta opp att noko eg var med og leidde då eg var kateket i Klepp, før eg reiste ut i 1997. Sidan eg no arbeider som områdeleiar i Stavanger krins i Sjømannskyrkja, er dette eit samarbeid med Klepp sokneråd. Nokre kveldar fortel eg og viser bilete frå Sjømannskyrkja sitt arbeid. Vi prøver å ha samling ein torsdag kvar månad, og det gjev høve til uformell samtale og refleksjon. Ein av dei trufaste seier dette er ein 'oase i kvardagen.' Eg trur vi kan ha godt av å sitje i Guds hus også ein torsdag kveld, få legge frå oss noko av det vi ber på og la dei enkle songane, bønene og tekstane frå Taizé leie oss nærare kjeldene for vår tru, våre behov og nærare kvarandre.
Vi har inntrykk av at nordmenn oppsøker kyrkja i utlandet i langt større grad enn heime, stemmer det?
- Eg har fått same inntrykket. Mange eg har møtt har sagt at dei vanlegvis ikkje plar gå i kyrkja, men at det er

'mindre farleg' å gjere det når dei er på ferie, for då er der ingen nabo som ser dei. Men så møter dei nettopp naboen sin "på kjerka"! Nokre seier at dei ikkje finn seg til rette, men andre seier at dei ikkje har tid.

***Kva tankar gjer du deg rundt dette?***

- På Gran Canaria er det fullpakka kyrkje med fire hundre menneske søndag etter søndag frå oktober til påske. Det er klart at dette gjer inntrykk, og dei mange begeistra deltakarane får lett fleire med seg. Men eg trur også at Sjømannskyrkja har ein lav terskel, ynskjer å vere open og inkluderande. Kanskje er det dette som gjev folk frimod til å kome til våre samlingar. Det å kunne setje seg ned med kaffi og vaflar eller delta i dugnad og festar får dei til å slappe av og føle seg heime. Vi legg dessutan stor vekt på at ein kan få ta del som frivilleg i praktiske oppgåver og på den måten bli van med å gå "på kjerka". Vi prøver å vere oppsøkjande, men tek oss også av dei som kjem i krise ved ulukker, ran, valdtekt, sjukdom og dødsfall. Diakonalt arbeid, samtalar og beredskap er også sider ved arbeidet som fører oss i kontakt med alle slags folk. For somme vert det inngangen til ei ny og nærare kontakt med kyrkja.

Kva kan du bringe med deg inn i kyrkjelyden frå tida di i sjømannskyrkja? Er det noko vi kan lære av?

- Dersom våre vanar, former og veremåtar verkar fråstøytande må vi kanskje starte med oss sjølve. Noko handlar om å oppdage og invitere dei som ikkje kjem av seg sjølve, men vi bør også vurdere arbeidsformer og innhald. Sjømannskyrkja har ganske tradisjonelle gudstenester, men prøver også her å ha variasjon, sleppe til ulike uttrykk, men ikkje la det gå ut over bodskapen som skal formidlast. I mine 10 år i London og på Gran Canaria kom eg dessutan i kontakt med folk i ulike livssituasjonar. Kontakten med sjøfolk, studentar, turistar, pensjonistar og familiar skjedde like mykje utanfor kyrkja. Vi kan ikkje vente på at folk kjem til oss. Eg trur vi bør starte med å la vere å setje eit skilje mellom oss og dei andre. Heller tenkje vi.

***Du har budd mange stadar. Korleis likar du Jæren og Jærbuen?***

- Eg har faktisk flytta til Jæren fire gongar, så det må vere noko som dreg. Eg likar det flate og opne landskapet, det milde klimaet og dei skiftande årstidene. Dette lengta eg faktisk tilbake til då eg var på Gran Canaria med sommar heile året. Men når eg ynskjer å sjå skikkelege fjell kan eg reise heim til Ørsta. Regionen har eit rikt kulturliv med ein utruleg variasjon, og eg har fått mine beste vener her. Jærbuen er open for verda kring seg, men mange held seg til det gamle og trygge, har sterke meiningar og er energiske i det han eller ho arbeider med. Landskapet og folket ber preg av slit, tolmod, kreativitet og livsglede.



***Kva betyr trua di for deg, Geir?***

- Den er noko eg har fått, ei gåve meir enn ei evne. Den inneber kjennskap, meir enn kunnskap og utfordring, meir enn krav. I ungdomen hadde eg ei sjølvlaga plate på veggen med orda 'Min nåde er deg nok.' Eg får kvile i armane til ein kjærleg far og vere trygg på at han veit om meg same kva som skjer. Trua sitt liv må pendle mellom tilgjeving og utfordring, bøn og arbeid.

***Kven er du, kva brenn du for?***

- Eg er ein vanleg kristen, midt i livet, som har opplevd både nederlag og oppreising. Det er flott å kunne starte på nytt og eg likar svært godt å vere i samanhengar med song og musikk. Eg brenn for det som er Sjømannskyrkja sitt motto: **'Å gje menneske mot til tru, håp og engasjement.**'



# *Luksus* KONF weekend



*Lek og moro er en naturlig del av en konfweekend*



*Konfirmantene gav alt for å slå lederne i "flest-mulig-oppi-en-kano"-leken. Og de vant!*

*Bakgrunnsbilde: Under trosvandringen bygde vi et kors på stranda. Det blir liggende lenge!*

**Endelig var det klart for konf.weekend for konfirmanter fra Bore og Orre! Folk var steinklare og det var meldt strålende vær! Med 70 forventningsfulle konfirmanter og 24 usedvanlig positive, opplagte og velkledde ledere var dette dømt til å bli bra – og det ble det! Som alltid på Ognatun fikk vi kjempegod mat og mange likte nok at oppvasken og romvasken var inkl i prisen. Dette var jo tross alt en Luksusleir!**

**Fredagskvelden koste vi oss rundt bålet på stranda. Det var stjerneklart og Karin hadde med gitaren sin. Det var ikkje bi-ringt, for å sei det sånn! Lørdagen ble en lang avslapnings-/matgildedag. Konfirmantene kunne velge mellom fotball, vollyball, badminton, fjellklarting, gåtur, kanopadling eller en liten forfriskende svømmetur. Mange vil nok huske vannkonkurransene.**
**Det hele startet med at kateketen tryna ut av kanoen… Deretter var mange med på de våte konkurransene: Hvor mange får vi oppi en kano før den synker? og Hvor langt kan 3 stykker stå og padle i en kano samtidig? Det var utrolig gøy!**

**På kvelden hadde vi møte, partyaften med leker og gøy og ikke minst bønnevandring – der mange fikk gå til forbønn for første gang.**

**Søndagen ble vi igjen velsignet med sol fra skyfri himmel og turen gikk ut til den utrolige Ognastranda. Konfirmantene gikk gruppevis innom mange poster og vi avsluttet med å skrive et stort TAKK på stranda! Mange gode opplevelser ble samlet denne formiddagen. Så var alt slutt og vi lederne takker for en kjempebra tur, en kjempebra gjeng og en kjempestor Gud.**

**Karsten Kateket**

# Vekkelse PÅ KLEPP?



Tekst: Karsten-kateket, foto: Karsten-kateket og Einar Egeland

Vekkelse. Et gammelt ord vi nesten ikke bruker lenger. Et ord som inneholder det at mange har blitt kristne, blitt vekket opp, det har skjedd en forandring. Men hva skal til for at man kan kalle noe en vekkelse? Hvor mange må bli kristne? 10, 20, 30? 40? Dersom 40 nye kristne er tilstrekkelig for å kalle det en vekkelse, da har Gud skapt vekkelse på Klepp. For i år har 40 konfirmanter blitt kristne på Klepp og Bore! På et Evalueringsskjema for Konfirmantåret krysset 40 av 170 konfirmanter av at de hadde gått fra å være ”tvilende” eller ”ikke-troende” til å være ”kristne”. Hva de legger i begrepet ”kristen” kan nok være så mangt, men det har skjedd en prosess. Noen har tenkt og tatt et valg: ”Jo, æg æ ein kristen!”. Det er helt fantastisk og dette gir oss og alle våre utrolige ledere stor inspirasjon til å holde på videre! Årets konfirmant t-skjorter inneholder teksten: ”GUD GIR VEKST” og det har han sannelig gjort i år!

På Bibelskolen i Grimstad lærte jeg at når noen blir kristne er 10 % av jobben gjort, og det er helt rett. Derfor er jeg veldig glad for at vi kan tilby KLEKK til fjorårskonfirmantene våre. Klekk har vi nå holdt på med i 5 år og er et leder- og disippeltreningskurs for fjorårskonfirmanter. Høsten 2009 er søknaden rekordstor og over 60 av årets konfirmanter har meldt seg på kurset! Dette er en stor økning fra 35 som har vært med på kurset i år. Ca 25 av disse møtte jevnlig og 20 av disse blir med videre som konfirmantledere. Det betyr at året 2009/2010 har vi ca 50 konfirmantledere!

Sammen skal lederteamene i UF, UG, Stresslezz, KRIK og Opptur (konf.opplegget) finne ut hva VI kan gjøre for at de som har blitt kristne blir beriket og bevar i troen på Jesus Kristus. Vi er utrolig takknemlig for all forbønn og har store forventninger til hva Gud skal gjøre på Klepp framover!







**Bønnenettverket "Bønn for Den norske kirke" ønsker samle alle som ber, til bønn for kirkes ledere, for folk og land.**



Vi ønsker å holde deg oppdatert med bønneemner på e-post eller sms.
Vi ønsker også etter hvert å formidle våre bønneemner på papir.

Meld deg inn i nettverket og lese mer om "Bønn for Den norske kirke" på www.kirken.be

(Du kan også melde deg inn med å sende navn, adresse, postnr, poststed, menighet og bispedømme til Bønn for Den norske kirke, Hortensvn. 60, 3157 Barkåker el på sms til tlf 924 08 238)

# BØNN FOR DEN NORSKE KIRKE

## *ønsker å samle alle som ber*

**"Bønn for Den norske kirke" er et fellesskap av mennesker som vil ta et spesielt bønneansvar for Den norske kirke. Vi er et bønnenettverk som ønsker å be for de kirkelige valg, og om at valgene blir etter Guds vilje. Vi ønsker å be for Biskopene og Bispemøtene. Og vi ønsker å be for Kirkemøtet, Kirkerådet, Mellomkirkelig råd og Samisk Kirkeråd.**

De kirkelige valg til høsten vil bety mye for Den norske kirkes fremtid, både med henblikk på hvem som blir valgt og med tanke på at kirken fra 2012 skal få en mer fri rolle i forhold til staten, slik at den bla kan utnevne sine egne biskoper. Derfor er det viktig å be om at Den norske kirke i fremtiden må være en kirke som har Den treenige Gud som sin faktiske Herre. "Bønn for Den norske kirke" ønsker å se en kirke som frimodig følger sin Herre, slik det står på vår hjemmeside www.kirken.be. På denne hjemmesiden kan du også enkelt melde deg inn i bønnenettverket. Vi sender ut informasjon og bønneemner i forbindelse med kirkens nominasjoner og valg, Bispemøtene, Kirkemøtet, og møtene i Kirkerådet, Mellomkirkelig råd og Samisk Kirkeråd. Dette blir sendt på e-post. Til dem som ikke har e-post vil vi også sende ut noe på sms. Vi ønsker også fra denne høsten å sende ut bønnebrev i posten, selv om dette koster en del penger. Ønsker du dette kan du melde deg inn i nettverket med å sende navn, adresse, postnr, poststed, menighet og bispedømme til Bønn for Den norske kirke, Hortensvn. 60, 3157 Barkåker eller på sms til tlf 924 08 238.

Det kan virke komplisert å skaffe seg informasjon om den enkelte kandidat til Kirkevalget som nå skal avholdes 13.-14. september. Ved dette valget er det lagt opp til direkte valg av medlemmer til bispedømmerådene, som igjen utgjør Kirkemøtet. Kirkemøtet har mandat til å forandre kirkens lære ved å endre kirkens liturgier.

"Bønn for Den norske kirke" ønsker å skaffe minst to-tre bønnekontakter i hver av landets 1280 menigheter i Den norske kirke. Vi vet at det er mange som ber og at det alltid er noen som ser på dette som sin tjeneste i det stille. Disse ønsker vi å komme i kontakt med, slik at vi kan stå sammen i bønn for Den norske kirke."

Ingjerd og Jo Hedberg, som har tatt initiativet til "Bønn for Den norske kirke" har de to siste Kirkemøtene vært på Øyer og hatt bønnevakt for Kirkemøtet. I 2007 ble det sagt at stemningen på Kirkemøtet var bedre enn tidligere Kirkemøter, tross de vanskelige sakene som var oppe da. Vi fikk TV2 på døren, der journalistene nevnte dette og oppsøkte oss siden de trodde det måtte komme av bønn. Dette sendte de som åpningssak i TV2 nyhetene.

Vi har til nå støttet oss til flere av de frikirkelige bønnenettverkene i Norge. Vi mener at det også er viktig å etablere en egen bønnetjeneste i Den norske kirke, og rundt kirkens ledere og valg av disse, som vi lett kan glemme å be for.

"Bønn for Den norske kirke" er en registrert forening i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund ledes av et styre som består av:

Randi Anne Skårdal, mangeårig kateket i Re, tidligere kateket og diakon på Finnsnes.
Lars Godman, rådgiver Personalhuset, tidligere kallskapellan i Løten, sokneprest Beiarn og Varteig.
Øystein Åsen, daglig leder i Asia Link, tidligere kateket i Froland.
Harald Kaasa Hammer, forfatter og tidligere kallskapellan i Drangedal og sokneprest i Teie, amanuensis ved Høgskolen i Finnmark og skolelagsprest.
Ingjerd Breian Hedberg, diakon/ sivilagronom, medlem i Tønsberg kirkelige fellesråd og nestleder i Sem menighetsråd.
Jo Hedberg, cand. theol., tidligere kateket i Sem menighet.

Dersom vi lykkes, vil denne bønnetjenesten utgjøre et stort frivillig engasjement i kirken. Dette er noe alle kan være med på, så sant de har e-post eller kan lese sms, eller har noen som kan formidle videre bønneemner og inspirasjon. Vi oppfordrer også menighetene til å ta med bønnemnene på sine bønnemøter.

Bispemøtets preses, biskop Olav Skjevesland og kirkerådsdirektør Jens-Petter Johnsen sier at de støtter og er glad for initiativet vårt.

Vi håper flest mulig vil være med oss, ved å melde seg inni vårt bønnenettverk for å be for kirken vår, slik at vi sammen kan glede oss over de gode gaver som Gud vil gi oss som svar på våre felles bønner.

Mvh

Bønn for Den norske kirke

# SOMMAR I KYRKJENE

# Jæren Prosti 2009

*Om det ikkje er gudsteneste i kyrkja di,*
*er du hjarteleg velkommen i ei av dei andre!*

**Sundag 21. juni** 3. s. e. pinse
• Bryne kyrkje kl 19.00. Nattverd. Gunnar Frøyland. Per Olav Egeland.
• Lye forsamlingshus kl 10.30. Gunnar Frøyland.
• Undheim kapell kl 10.30. Dåp. Per Børge Hillestad. Kari Kaald Reiten.
• Friluft Ogna, Åsane kl 11.00. Jan Roald Dahlstrøm. Korpset.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Bjarte Lending.
• Dirdal kyrkje kl 11.00. Familiegudsteneste. Sigve Sande. Ragnhild E. Hoel.
• Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Erik Tangedal. Arne Warem.
• Bore kyrkje kl 11.00. Nattverd. Arnt Askildsen. Ove Byberg.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Nattverd. Andreas Haarr. Laila Gravdal.

**Tysdag 23. juni – Jonsok**
• Orre kyrkje kl 19.00. Dåp. Andreas Haarr. Arne Hadland.

**Onsdag 24. juni – Jonsok**
• Pilegrimsvandring. Start kl 18.00 frå 1000-årsplassen på Obrestad til Kristkrossen på Njærheim.

**Sundag 28. juni** 4. s. e. pinse
• Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.
• Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
• Varhaug kyrkje kl 09.30. Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
• Oltedal kyrkje kl 19.30. Nattverd. Egil Eggen. Sigmund Haaland.
• Ålgård kyrkje kl 11.00. Jan Harald Jaabæk. Ragnhild E. Hoel.
• Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Andreas Haarr.

**Sundag 5. juli** 5. s. e. pinse
• Lye forsamlingshus kl 11.00. Dåp. Nattverd. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
• Dirdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Harald Jaabæk. Ragnhild E. Hoel.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Andreas Haarr. Arne Hadland.

**Sundag 12. juli** 6. s. e. pinse
• Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Stein Ødegård. Oddny Underhaug
• Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gunnar Frøyland.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
• Gjesdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Harald Jaabæk. Arne Warem.
• Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

**Sundag 19. juli** 7. s. e. pinse
• Undheim kapell kl 10.30. Nattverd. Per Børge Hillestad. Kari Kaald Reiten
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.
• Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Tor Olav Varhaug. Arne Warem.
• Orre kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

**Sundag 26. juli** 8. s. e. pinse
• Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Per Olav Egeland
• Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Ø. Rasmussen.
• Oltedal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Sande. Arne Warem.
• Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Arnt Askildsen.

**Onsdag 29. juli - Olsok**
• Pilegrimsvandring. Start kl 16.30 frå 1000-årsplassen på Obrestad til Varhaug kapell.
• Varhaug gml. kyrkjegard kl 19.00. Gaute Ø. Rasmussen. Friluftsgudsteneste, ta med stol.
• Gjesdal kyrkje kl 19.00. Sigve Sande. Sigmund Haaland.
• Orre kyrkje kl 18.00. Dåpsgudsteneste. Arnt Askildsen. Laila Gravdal.
• Orre kyrkje kl 19.30. Gudsteneste. Arnt Askildsen. Laila Gravdal.

**Sundag 2. august** 9. s. e. pinse
• Undheim kapell kl 11.00. Dåp og nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvig.
• Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Sande. Sigmund Haaland.
• Dirdal kyrkje kl 19.30. Nattverd. Sigve Sande. Sigmund Haaland.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Arnt Askildsen. Laila Gravdal.

**Sundag 9. august** 10. s. e. pinse
• Bryne kyrke kl 11.00. Dåp. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
• Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Geir Palle Haarr.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvig.
• Oltedal kyrkje kl 11.00. Dåp. Sigve Sande. Sigmund Haaland.
• Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Arnt Askildsen. Ove Byberg.

**Sundag 16. august** 11. s. e. pinse
• Lyeparken kl 12.00. Kjell Børge Tjemsland.
• Undheim kapell kl 10.30. Per Børge Hillestad.
• Bryne kyrkje kl 11.00. Nattverd. Stein Ødegård. Per Olav Egeland.
• Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.
• Nærbø kyrkje kl 11.00 Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Morten Helvig.
• ”Perlå”, Ålgård kl 11.00. Gudsteneste i forbindelse med Vannfestivalen.
• Friluftsgudsteneste i Amfiet Frøyland og Orstad kl 10.30. Nattverd. Arnt Askildsen.
• Pilegrimsvandring. Start kl 14.00 frå Hå gamle prestegard til Kristkrossen på Njærheim.
Tilrettelagt for heile familien

**Sundag 23. august** 12. s. e. pinse
• Time vidaregåande skule kl 11.00. Familiegudsteneste. Leif Oscar Reiestad.
• Friluft ved Fotlandsfossen kl 11.00. Fotlandstemne. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.
• Bryne kyrkje kl 19.00. Nattverd. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
• Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Jan Roald Dahlstrøm. Geir Palle Haarr.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Vikarprest. Organist Bjarte Lending.
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Morten Helvig
• Oltedal kyrkje kl 11.00. Nattverd. Jan Harald Jaabæk. Ragnhild E. Hoel.
• Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Arnt Askildsen.
• Bore kyrkje kl 11.00. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Andreas Haarr. Laila Gravdal.
• Orre kyrkje kl 11.00. Nattverd. Organist Arne Hadland.

**PILEGRIMSVANDRINGAR I JÆREN PROSTI**
*LANGS DEN GAMLE KONGEVEGEN I HÅ,*

Jonsok, onsdag 24. juni kl 18.00 ved Roald Byberg.
Frå Tusenårsplassen ved Obrestad hamn til Kristkrossen på Njærheim

Olsok, onsdag 29. juli kl 16.30 ved Stein Ødegård.
Frå Tusenårsplassen ved Obrestad hamn til Varhaug kapell.
Friluftsgudsteneste på den gamle kyrkjegarden kl. 19.00
Sundag 16. august kl 14.00 ved Anne Sofie Haarr.
Frå Hå gamle prestegard til Kristkrossen på Njærheim.
Tilrettelagt for heile familien

Nærare informasjon: Time kyrkjekontor: tlf 51 77 03 77.
Sjå og www.time-kyrkja.no

Gjesdal kyrkjekontor tlf. 51 61 13 30
Klepp kyrkjekontor tlf. 51 78 95 55
Time kyrkjekontor tlf. 51 77 03 77
Hå kyrkjekontor tlf. 51 43 62 10



Slik utvikles positiv identitet
VIKTIGST AV ALT
omsorg
MÅLRETTEDE SAMTALER MED BARN
DU behøver imidlertid ikke være en av disse!
Engler og helgener kan lede, glede og inspirere oss!
ÆRLIGHET
RESPEKT
HUMOR
Vil bære byrdene
TA BARN PÅ ALVOR!
BARN ER PÅLITELIGE
Er du derimot raus, generøs og romslig, - i tillegg til å ha et stort, varmt hjerte som banker for å få JESUS ut til barna, - er det nettopp DEG vi søker etter!
K-4; søndagsskolen i Klepp kirke søker flere barnearbeidere!
Vi har et godt og inkluderende arbeidsmiljø, - med meningsfylte og varierte oppgaver.
Er dette noe for deg?
UANSETT ETNISK BAKGRUNN
Kunsten å motivere
THE MIRACLE
Motiverende samtale
EN GOD PRAT
Oppfølgingskurs
Angel
Sang og musikk
Bibelfortellinger
Verdensborgere
TA KONTAKT MED OSS DA VEL!
51 78 95 55!
Miracle



# Gudstenestar

## KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**14.06.** Gudsteneste, dåp,
Andreas Haarr, Bodil Fagerheim

**21.06.** Gudsteneste, nattverd,
Andreas Haarr, Laila Gravdal

**05.07.** Gudsteneste, dåp og nattverd.
Andreas Haarr, Arne Hadland

**02.08.**Gudsteneste, dåp og nattverd.
Arnt Askildsen, Laila Gravdal

**23.08.** Gudsteneste, dåp og nattverd,
Andreas Haarr, Laila Gravdal

**30.08.** Gudsteneste.
Konfirmantprestentasjon. Dåp.
Andreas Haarr, Laila Gravdal.

## BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**07.06.** Felles friluftsgudsteneste i Kleppeloen. Dåp. Klepp skulekorps. Ungdomskoret "Håp".
Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

**14.06.** Gospelmesse. Dåp.
Offer til NMS misjonsprosjekt: Presteskulen i Meiganga, Kamerun.
Åsmund Steinnes og orkester og forsangarar frå Bjerkreim.

**21.06.** Gudsteneste med nattverd.
Offer til menighetsarbeidet.
Åsmund Steinnes og Ove Byberg.

